

Stølshistorie for Rabalen, Buahaugen og Bukono

Stølane, støslivet, turister og hytteliv.



Forfattarar:

Rabalen og Buahaugen *Ragnhild Skiaker*

Bukono: *Arne Myrvang*

Innhold

Forord	s. 3
1. Stølshistorie	s. 4
2. Flytting på stølen	s. 4
3. Arbeid på stølen	s. 5
a. Ein dag på stølen	s. 5
b. Beiteområde, reksler	s. 8
c. Fôrtilgang i fjellet – slåttonn på fjellet	s. 9
d. Treakproduksjon	s. 9
4. Støsliv på Rabalen	s. 10
5. Fiske	s. 12
6. Turisme. Transport inn til støler og hytter	s. 13
a. Vegar - m.a. Kløvjeveg	s. 14
7. Stølane på Buahaugen, Rabalen og Bukono	s. 16
a. Buahaugen	s. 16
b. Rabalen	s. 17
c. Bukono	s. 17
8. Vangsbu - Langehytta på Vangsjøneset	s. 21
9. Hermanbu	s. 23
10. Kvarvinghytta ("Prestehytta")	s. 24
11. Kart med dialektnamn	s. 26
12. Vangsjøen Vel sin heiderspris	s. 27
13. Fugleliv	s. 27
14. Litteraturliste	s. 27

© Vangsjøen Vel 2016

Omslagsbilete: Vangsjøen. (2014, mars 29). *Wikipedia, det frie oppslagsverket*. Henta 10:35, 2. mars 2016 frå [//nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Vangsj%C3%B8en&oldid=2633312](http://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Vangsj%C3%B8en&oldid=2633312)

Forord

Vangsjøen Vel har interessert seg for historien – og historier – knyttet til området som vellet vårt dekker. Det er et område der stølsdrift, som i Øystre Slidre for øvrig, har vært og fortsatt er utbredt og viktig for gårdene i bygda.

I samarbeid med flere tok Rolf Bjerke Paulssen¹ et initiativ til å få nedtegnet noe av denne historien, og han startet i 2008 med innsamling av en del materiale til dette prosjektet. Han hadde laget et forslag til et omfattende innhold som vi etter hvert innså ble for ambisiøst for oss som skulle fullføre prosjektet etter hans bortgang. Derimot syntes vi det var viktig å få laget en publikasjon av det stoffet som vi hadde fått fra ham, det vi fikk samlet inn selv etter hvert og ikke minst de personlige historiene som Ragnhild Skiaker har ført i pennen.

Historien om Rabalen og Buahaugen er skrevet av Ragnhild Skiaker og Bukonohistoria av Arne Myrvang² og vi har valgt å bruke den dialekta og nynorsken de har skrevet.

Vi har også tatt med historien om ”Lange-hytta” på Vangsjøneset – ført i pennen hovedsakelig av August Lange og tilpasset av Tore og Ellen Lange.

Hyttene ”Hermanbu” og ”Prestehytta” representerer også tidlig hyttebosetning i området og disse er skrevet hhv. av Elin Kvarving Hammes og Gudrun Kvarving Vik.

Vi nevner også ”Buggehytta” som et eksempel på tidlig hytteturisme, og som også er nevnt i heftet ”*Trefningene ved Buahaugen og Rabalen 13. juni 1944*”

Redigeringen har Sissel Brinchmann stått for.

Så vel forfatterne som redaktøren håper Vangsjøen Vels medlemmer vil ha glede av dette stoffet. Noe dere kjenner til og som dere mener kunne høre med, kan dere sende oss via post@vangsjoenvel.org. Vi forventer at historiene vil vekke minner til live – kanskje noen som lever som bilder i album rundt om kring – og vi tror dette kan gi assosiasjoner til historier, hendelser og lignende som vi kan ta inn i senere opplag.

Red. Sissel Brinchmann

¹ Rolf Bjerke Paulssen gikk bort 3. juli 2010

² Arne Myrvang gikk bort i 2013.

Stølshistorie for Rabalen, Buahaugen og Bukono

1. Stølshistorie

I gamal tid var det stølsbruk i store deler av Europa, men nå er det mest stølsdrift berre i dei norske fjellbygdene. Bruk av stølen er like gamal som busetnaden i fjellbygdene. Stølsdrift er omtalt i Kristian Østbergs bok ”Seterbruket i Norge”, der han bl.a. viser til *Pytheas*, ein oppdagar som meinte han hadde vore i Thule meir enn 300 år f.Kr. og sett at folk dreiv dyra sine på fjellbeite.³ Ordet *støl*, som Østberg meiner er det eldste ordet i terminologien kring seterbruk, kommer frå gammelnorsk *stodull*. Andre ord som *sel* tyder eit primitivt hus som ble satt opp som husvære for folk som gjette dyra og til oppbevaring av mjølk, smør, ost osv. *Seter* omfattar hus og grunn og er eit særnorsk ord frå *sitting*, som tyder å sitte eller opphalde seg. Les meir om dette i Kristian Østbergs bok ”Seterbruket i Norge”.⁴

Kva tid stølsdrifta på Rabalen, Buahaugen og Bukono starta er vanskeleg å tidfeste, men Jomfru Mariastølen er omtala i eit dokument frå 1356⁵. Det har kome fram at Jomfru Mariastølen hadde same gardsnummer som kyrkjetomta på Kyrkjeberg i Rogne. Nokon trur at dette hang saman med eit kyrkjegods frå katolsk tid. Denne stølen er også omtala i eit skriv frå 1419, men då har navnet vorte endra til Jomfrustølen. På karta over Vangsjøområdet finner vi enno namnet ”Jomfrusletta”.

Stølsnamnet Rabalen

Opprinneleg var Rabalen namnet på Rabalsmellen, seinare vart det navnet på stølen. Ein *rabal* er i dialekta ei stong inni peisen som vart brukt til å henge gryta på når dei skulle koke mat. Ser ein på Rabalsmellen frå Buahaugen har den profil som ein rabal.

2. Flytting på stølen

Dei fleste gardane var små, så det fjellet gav av beite, grasslått og reinmose var eit godt næringstilskot til garden.

Heimstøl og langstøl

Dei fleste gardane hadde to stølar, heimstøl og langstøl. Så fort det vart gras og lauv på heimstølen, flytte dei dit. Mange var på heimstølen med geitene ei veke fyrst, for geitene kunne greie seg berre det var lauv nok.

Den 28. juni flytte alle til langstølen. Frå denne datoen var heimåsen ”freda”. Ingen måtte nytte denne hamna om sumaren. På flyttedagen, bufardagen, var det stor aktivitet både med folk og dyr.

Alle gleda seg til å koma til fjells. Kyrne stod og rauta frå tidleg om morgonen, budeia hadde det travelt, så dyra skjønte nok at dei skulle få koma på stølen.

³ <http://www.nb.no/nbsok/nb/7f8c112e1036593ab0a58d0cbc710275?index=6#0>

⁴ Støl. gammelnorsk *stodull*, *støðull*. Åpen, treløs plass i havnehagen hvor kyrne ble samlet og melket. Her fikk de hvile om natten til neste dag, ble melket igjen og så ut på beite. Inngjerding (trøð). *Sel*: primitivt hus på en støl. *Seter*: grunnbetydning er *sitting*, det å sitte/oppholde seg. I boken ”Norsk Bonderet” om Seterbruket i Norge, skriver Kristian Østberg: ”En norsk seter er en mer eller mindre ryddet og gjerne noget primitivt bebygget plass i fjerntliggende beitemark, - til fjells eller til skogs. Seteren hører alltid til en gård i bygden; den tjener til nattherberge for gårdens buskap, når den er der på beite om sommeren, til opholdssted og arbeidssted for dem som steller buskapen og behandler melken av kyr og geiter.”

⁵ Diplomatarium Norvegicum XIII s 63-64

Det var vanlegvis gardkjerringa som flytte på stølen og ungane var med å jaga på dyra. Han far sjølv køyrdde bufarlasset med hest og kjerre. Vart ungane slitne, var det populært å sitja på bufarlasset.

Det var mange ting som måtte med på bufarlasset, for det var ikkje berre å stikke på butikken om ein mangla noko. På bufarlasset var det både utstyr til mjølkestellet, klær og mat. Matstellet på stølen var enkelt, men godt.

I god tid før flyttinga hadde dei baka flatbrød som vart lagt i stor kasse med lokk. Dette vart kalla stølsbrød og det skulle vara heile sumaren. Ei spekeskinke måtte vera med og sjølvsagt poteter, kanskje også litt kålrot og gulrot. Hermetisk kjøtmat var og med. Det var vanleg å hermetisere kjøtkaker og kotelettar under slaktinga om hausten. I mange år vart blekkboksar brukt til å legge kjøtmaten i. Maten måtte vera kokande når den vart lagt i boksen, varm kjøtkraft vart fylt på, og så måtte lokket loddes på før hermetisering. Boksane vart plassert i ei gryte med vatn og sett til koking. Seinare vart det vanleg å bruke "Norgesglas" til hermetisering.

Både folk og dyr gleda seg til å koma på stølen. Men det var mange arbeidsoppgåvor, og ungane vart tidleg lært opp til å hjelpe til. Den fyrste plikta eg hadde var å setja trebuttar og trekjerald i bekken så dei skulle bli tette.

3. Arbeid på stølen

3a Ein dag på stølen

Dagen på stølen starta tidleg om morgonen.

Mjølking, separering og koking av ost

Budeia gjekk i fjøset ved sekstida. Etter mjølking måtte mjølka separerast. Den skumma mjølka måtte så over i ystegryta. Turr, småkløyvd ved måtte til.

Kvitost

Når mjølka hadde ein temperatur på ca. 35 grader, måtte ein ha i osteløype. Etter ca. 15 minutt, kunne ein samle saman ostestoffet i gryta. Det var treformer med hol til å ha osten i, men fyrst måtte ein legge eit klede i forma. Så måtte ein presse osten godt for å få ut mysa. Dette vart kalla kvitost.

I "krigstida" mellom 1940-1945 var det vanskeleg å få kjøpt osteløype. Då tok vi vare på løypemagen når det vart slakta kalvar. Løypemagen vart skrapa og vaska og hengt opp på stabburet. Når den vart tørr, la vi den i vatn og ut-trekket brukte vi til osteløype.

Brunost, surprim, pultost og gamalost

Mysa måtte nå koke i fleire timar til den vart lys brun. Dei fleste bruk hadde også geiter, så det vart laga mest blandingsost, blanding av ku- og geitemjolk. Den siste koketida måtte ein røre godt i gryta for å hindre at osten vart svidd. Etter koking måtte ein ta osten opp i eit traug og røre til den vart kald.

Så var det å fylle osten opp i firkantform og setja den i bua (spiskammer) til neste dag. Osten måtte så ut av forma og bli stempla. Kvar gard hadde eige stempel med nummer og namn. Osten vart stempla fordi den skulle seljast.

Både den kvite- og den brune osten stod på rekke i bua til lagring. Dei kvite ostane måtte ein snu ofte for at forma skulle bli fin. Om det vart for mykje av skumma mjolk, vart denne sett til syring. Ville ein laga pultost eller gamalost måtte ein varme opp den sure mjølka til 60 grader. Når mjølka "brast", kunne ein samle ostestoffet. Dette vart kalla "å breste".


Å laga god pultost eller gamalost var ikkje enkelt. Her var både temperatur og lagringsplass viktig.

Den sure mysa kunne ein koke til den vart brun, og forme den til ost. Denne osten fekk namnet surprim. Osten var ganske hard og vart brukt til suppe, surprimsuppe, eller den var rørt ut i kaldt vatn til "tystedrikke".


Rjome og smør

Fløyta etter separering vart sett til syrning. Etter nokre dagar vart rjomen samla i kinna. Det var tungt arbeid å sveive den store kinna, eller å stampe rjomen i "standkinna". Når smøret samla seg måtte ein ta det opp og vaske det i kaldt vatn for å få vekk kjernemjølka. Så måtte ein gni inn salt og legge det i trebutt.


Budeia sette si ære i at det var god kvalitet både på ost og smør. Dette var salsvare, og det var ein del av inntekta på garden.



1) *Mjølkebotte*




2) *Mjølkebolle ("køl" eller "kjerald")*



3) *Mjølkesil*



4) *Osteform*



5) *Standkinne eller staukekinne*



6) Separator



7) Smørform

Budeiene på Rabalen



1. rekke frå venstre: Marit Ringstad med Sigurd Rudi på fanget, Marit Viken, Ingebjørg Hovrud.
2. rekke frå venstre: Ragnhild Ringli med Anna Moen på fanget, Emma Hermunstad med Marit H. Goflebakke på fanget, Hjørdis Kleven med Per Kleven på armen, Anne Hovi.
3. rekke frå venstre: Ragnhild Steinsli Rogne med Hilda Kleven på armen, Margit Rogne, Oline Rudi, Ragnhild Milo, Kari Bjelbøle, Sigrid Ringli med Gunnar Ringli på armen.

3 b Beiteområde og reksler

Grinda ved Røysråne var skilje mellom Buahaugen og Rabalen. Det var eit skilje mellom nedre og øvre Koltjern ved bekken. Før var det gjerde vidare oppover Djupedalen. Denne gjekk opp til "Gardtjernet". Dette var eit skilje mellom Rogne og Hovi sameige.

På myra ved stien opp til Rundemellen står det endå att "bjørkestranger" frå det gjerdet.

Ut på beite – og heimatt

Det var viktig å få dyra ut på beite tidleg om morgonen. Etter mjølking vart geitene slept ut fyrst. Dei gjekk i rekke etter kvarandre fram til beiteplassen, men dei likte dårleg regnver, så då ville dei helst inn i fjøset att.

Når kyrne skulle ut vart budeia med for å lokke. Ho hadde "saltlumme" hengande på armen med mjøl og salt i så kyrne skulle få ein godbit før dei gjekk på beite. Det var så fin kontakt mellom budeiene og kyrne. Før kyrne gjekk, fekk dei ein god klapp av budeia og eit ynskje om at dei måtte koma på stølen att om ettermiddagen.

Det hende at kyrne gjekk så langt for å finne ekstra fint beite at dei ikkje kom til stølen att om kvelden. Då måtte budeia gå og hente dei tidleg neste morgon. Det var slitsame turar, og det var heller ikkje så enkelt med mjølkinga. Kyrne hadde då stride jur og ofte hadde dei sår på spenene, så dei sparka når dei vart mjølka.

Lokking

På Rabalen var det vanleg med "sjefslokkar". Ei av dei eldste budeiene bestemte retninga. Var det regnver var det vanleg å lokke heimover stølsvegen så kyrne kom i ly. Men vart det regn i fleire dagar lokka dei gjerne over Dugurdshaugen eller Brimvegen mot Lauvhovd, for der kom og kyrne inn i bjørkeli. Men når det var sol og fint ver var det lokking sørover Hansonfjøsvegen eller Hekle fjellvegen. I fint ver kunne dei og lokke til "Fjordendin"⁶. Då fylgde dei den gamle stigen mot Kvarvinghytta, og stigen gjekk ned til Vangsjøen.

Etter lokking var det vanleg at budeiene gjekk inn til kvar andre for å ta ein kaffekopp og litt å bite i. Seinare vart det vanleg med store lokkarlag klokka tolv på dagen. Då vart det servert smørbrød eller rjome og kvitkake⁷, og etterpå fleire kakeslag. Alle på stølen vart bedt og ungene fekk servering etter dei vaksne. Men før dette var det gjerne leik på stølsvollen, for eksempel sisten. Det var og vanleg å leike "ein dag på stølen". Då var ein budeie og dei andre ungene var liksom kalvar og kyr.



Knut Bjelbøle med saltboksen, Gudbrand Skiaker med Ola på armen og Knut Skiaker med kjepp

⁶ "Fjordendin" eller "Fjolendin" ligger der Lauhvødbekken renn ut i Vangsjøen. Se dialektkart side 26

⁷ Kvitkake eller kvikake: tynn mjølkekake (steikt på takke)

3 c Fôrtilgang i fjellet - slåttonn på stølen

Slåtten starta som regel midt i august. Graset vart slege med ljå. Det var viktig at ljåen var skarp. Ungane måtte dra slipestein. Det var ein slitsam jobb, men ungene ville nok også hjelpe til, for då følte dei seg som ein del av fellesskapet.

Når karane hadde slege graset, kom kvinnfolka etter med riva og breidde fôret (høyet) utover.

Var det sol og vind, det vi kallar for godt høyvêr, måtte dei snu og vende fôret utpå dagen.

Når fôret var tørt, vart det samla saman og plassert i løa. Dei fleste bar vel fôret inn i løa, men det vart også brukt slede med tremeier for å dra fôret inn.

Om fôret ikkje var turt nok til å ha i løa, vart det samla i fôrseto (høysåter). Dagen etter måtte foret ”breiast” utover på nytt så det skulle bli turt.

Det var og vanleg med grannehjelp. Om det såg ut til å bli regn, kom ofte grannane med riva og hjalp til med høyinga. Når stølshøyinga var ferdig, kokte budeia rjomegraut – slåttegraut – og så vart det feiring.

Etter slåtten var det vanleg å gå sørpå fjellet for å samle mose (reinlav). Dette vart lagt saman til det dei kalla stakkar. Når det vart skareføre om vinteren, tok dei mosestakken på skikjelke og drog den ned til stølen. Så vart mosen lagt på fôrlasset for transport til bygda.

Var det mykje mose, tok dei hest og slede og henta mosen og kørde den heim til bygda.

Utslått og myrslått.

Garden heime, Bjelbøle Skogen⁸ hadde ei løe i Djupedal. Denne løa låg på ei lita flate. Dei slo foret rundt, turka det og fekk det inn i løa. Dette fôret vart og køyrt heim i bygda om vinteren.

Går ein vegen frå Rabalen mot bygda, har ein fyrst Milomyra på høgre hand. Neste myr er Ringstadmyra, og så er det Bergomyra (like før Koltjern). Desse gardane hausta graset på myrene og kørde det heim til dyrefôr.

Enkelte tok grisen med på stølen om sumaren. Då var det vanleg og ”rispe” lauv og plukke geiterams, for det likte grisen godt. Dette hadde nok god aroma og viktige vitaminer.

Like etter at isen hadde lagt seg vart det ein tur på stølen for å slå isstørr⁹. Dette vart fylt i madrasseposer av strie og brukt i sengene.

3 d Treakproduksjon

Bestemor fortalde at Granlifolket, dei hadde støl der ”Krohnhytta”¹⁰ ligg i dag, plukka einebær (briskebær) og laga treak¹¹. Briskebæra måtte ein vaske, blande med vatn og koke inn til ein fast

⁸ Bygdinvegen nr 1452 – 1454, 2943 Rogne

⁹ Størr (starr) som vart slått etter at isen hadde lagt seg.

¹⁰ Rabalen nr 87.

¹¹ Treak er eit særnorsk produkt om lag som lakris kokt på einerbær, vann, fløte og sukker. ”Treaken sine røter strekk seg langt, heilt attende til Keisar Nero sin livlege. Andromachus frå Kreta, som han vart kalla, var opphavsmann til medisinen Theriachi Andromachi. Middelet besto av seksti råemner som skulle kurere stort og smått av sjukdomar. I over femten hundre år hadde det ei einestående rolle som universalmiddel. ’Teriak’, på folkemunne, romma ei mengde plantedroger, orientalsk krydder, balsamer og dyredroger som øgle og ormekjøtt. Ormekjøttet sto høgt i kurs som

masse (som karamell). Denne vart då rulla til stenger som ein kunne dele opp med kniv når den vart kald.



Treak vart vel mest brukt som karamell. For å setja god smak til heimebrygga øl vart den og brukt. Dei brukte den og som medisin mot ymse sjukdomar. Til dømes vart treak (teriak) brukt i kampen mot pesten her til lands.

4. Støsliv på Rabalen

På femtitalet var det yrande støsliv på Rabalen. Tretten gardbrukarar hadde buskapen sin på stølen. Alle hadde kyr, og ti av stølseigarane hadde også geiter.

Det var for det meste kona på garden som var på stølen i saman med ungane. I helgene kom han far sjølv på stølen. Han hadde då vore på butikken, så det var svært spennande for ungane kva han far hadde med i sekken. På 1930 talet gjekk det an å kjøre på Rabalen med bil, men det var ikkje så mange som hadde bil den tida. Derfor var det hesten som måtte dra lasset.

Stølsmesser

I fleire år har det vore stølsmesser på stølane i Øystre Slidre. Ein av prestane kjem opp på stølen for å halde messe, men fleire frå soknerådet hjelper til med det praktiske. Før var det budeiene på stølen som hadde alt arbeid med serveringa, men nå får dei praktisk og økonomisk hjelp av soknerådet.

Eigaren av stølen der messa er, ynskjer velkomen. Så blir det fortalt litt om stølen, gjerne litt historie om stølen og landskapet rundt. Er veret fint, er messa ute på stølsvollen. Husdyra går gjerne og beiter like ved, og i bakgrunn kneisar fjella, finare ramme om ei messe er det vanskeleg å få.

Etterpå er det tid for kaffi og koseleg samvær. Se bilde neste side.

afrodisiakum, og vart henta inn av jegerar frå eigne laug. Den beste teriakem kom frå Venezia og Nürnberg, vart det sagt. I middelalderen skulle tilverkinga skje i nærvær av byens magistrat, borgarmeister og lege, som skulle sjå til at ingrediensane var ekte, for forfalskingar vart ofte seld omkring i Europa av omreisande kramkarar.” (Ekta Gødt) Les meir:

<http://www.yourvismawebsite.com/ekta-godt-da/treaken-si-historie>



Bildet: Etterpå er det tid for kaffi og koseleg samvær. Stølsmesse på Rabalen – på "Prestehytta" – her var det over 200 personar tilstade!

Andre støler hadde og stølsmesse: "Søndag 8. August 1953 var vi til stølsmesse på Rensennstølen. Vi rodde for første gang kirkebåt til messen. Været var ganske bra og det var 70 - 80 mennesker forsamlet ute på setervollen hvor pastor Herman Kvarving holdt en god preken. Etterpå ble det servert kaffe til medbrakt niste." (E. Nitteberg Nordstad)

Dans på stølen

Det var alltid ungdom og barn på Rabalen. Laurdagskveldane kom dei saman for å ha leik og dans. Reisegrammofonen var grei å ta med, og ein kunne høyre musikken frå Jularboplater m. a. som tona utover stølen. Dugurdshaugen var ein populær møteplass. Der var det ei hole (grop) som ein kunne samle brisk (einer) i og tende opp bål.

Ungdomen samla seg og ved Vangsjøen og rodde til Killingøya. Der var det ei fin slette midt inne på øya som passa godt til å danse på. Høyløene var tome fyrste delen av sumaren, så om det var regn, samla ungdomane seg til dans i løa.

Underjordiske.

Dette vart også kalla haugfolk som mange trudde fullt og heilt på. Mellom anna trudde dei at haugfolket flytte inn i sælet om hausten. Dei meinte at det var viktig å halde seg inne med dei, så det ikkje hende ei ulukke. Eg spurde bestemor ein gong om ho hadde sett dei underjordiske. Då svarta ho: "Ikkje eg, men ho Anne såg ei kjerring med ein bøling kvite kjyra kom oppover Hekleffjellvegen, men så blunka ho med augo, og då vart dei burte."

Stølssumaren etter brannen i 1944.

Det var ganske rart å koma på stølen etter "tyskar-rassiaen"

I mai 1944 vart det etablert ein forlegning for motstandsfolk på Rabalen og Buahaugen. I heftet "Trefningene ved Buahaugen og Rabalen i juni 1944" av Rolf Bjerke Paulssen er dette omtalt i detalj. M.a. skriv han:

"En må ut ifra skriftlig og muntlig materiale gjette seg til hvordan sentralforlegningen var organisert. Min teori er at hovedkvarteret hvor Furubotn residerte, var i Bugge-hyttene (den gang var det en stor og en liten). Størsteparten av mannskapet hadde tilhold på Pensjonatet¹², hvor middagsmaten ble laget og på noen andre støler på Rabalen. Sannsynligvis ble flere sel og hytter brukt, i alle fall til møter, som skrivestuer o.l."



13. juni 2014 var det ei minnemarkering ved Buahaugen der det no er sett opp ei bauta til minne om junidagane i 1944 og tyskerane sitt raid. Les meir om rassiaen og heile bakgrunnen i det omtala heftet¹³.

¹² Vangsjøen Fjellstue

¹³ "Aktion Almenrausch" het rassiaen. Heftet "Trefningene ved Buahaugen og Rabalen i juni 1944" av Rolf Bjerke Paulssen omtaler dette i detalj. Du finner det på hjemmesiden til Vangsjøen vel: www.vangsjoenvel.org/aarsmoeter/pdf/Overfallet_1944.pdf

Motstandsfolka hadde m.a. teke i mot flyslepp, og nazistar melde frå om dette. Tyskerane, som hadde vært på jakt etter motstandsgruppa, kom og brende ned ti hus på stølen.

Store oskehaugar med nakne peispiper var triste syn. Men dyra måtte på stølen, så det var berre å ta fatt på oppryddinga. Det vart sett opp enkle bustadhus. Her måtte det vera både soveplass og plass til matlaging. Ei liti matbu måtte også til for å gi plass til separator og til lagerplass for ost og smør. Dei fleste hadde "kokehus" for ysting og koking av brun ost. Her sto omn og peispipe att, så det vart sett opp midlertidige hus rundt pipa.

Det var ikkje mykje luksus i desse husa, men på den måten kunne budeiene vera på stølen med dyra denne sumaren og. Mykje utstyr hadde gått tapt i brannen, og det var vanskeleg å skaffe nytt, men det var godt samarbeid på stølen, så dei kunne låne utstyr av kvarandre.

På femtitalet vart det veg over Rennsenn til Buahaugen og Rabalen. Då kunne desse stølane og få levert mjølka til ysteriet på Heggenes. Ysting og kinning vart det nå slutt med.

For ungane som var på stølen heile sumaren, var det stor spenning når mjølkebilien kom. Dei gjekk gjerne til fyrste stoppestaden og fekk sitja på lastebilkarmen over heile stølen. Mjølkebilien vart og nytta til transport av både folk og varer. Særleg var det mange med på laurdagane, enkelte meinte at "friarbilien" var det rette namnet på mjølkebilien då.

Det var ikkje så enkelt for budeiene å koma seg på butikken, men dei kunne berre sende ein lapp med sjåføren, så fekk dei varene med mjølkebilien om kvelden.

5. Fiske

Fisking og fiskerett

På Rabalen er det berre øvre Skogen som har fiskerett i Vangsjøen av dei som har støl der. Før var det vanleg at ungane kunne fiske med stong både i Vangsjøen og Rabalsbekken.

Lystring (ljøstring)

Frå gammalt var det vanleg å ljøstre (lystre) etter fisken i bekker. Dette var sist på sumaren når det vart mørke kveldar. Karane tok med seg ei lystrestong. Dette er ei trestong med metalltinda. Desse har mothakar. Dei hadde med seg karbidlykt. Når dei lyste på fisken sto den stille i vatnet også kunne dei stikke den.



Lystregaffel (lystrestang)



Fiskesløe. Det sto ein slik i bekken mellom Røyri og Vangsjøen, nedanfor brua på Buahaugen.

Fiskesløer

Det var heimelaga låge kasser av tømmer. Ovanfor sløa var det som regel mura ein sløegard av stein som styrde fisken inn på sløa når han kom rekande med elvestraumen. I denne sløetypa vart fisken ført ned i eit rom under sløa, som delvis var under vatn. Difor held fisken seg levande over lenger tid. Desse fiskesløene sette dei i bekker der det ikkje var sterk straum. Det var stor spenning når fiskarane kom for å hente fangsten.

I Øystre Slidre har sløer vore eit mykje brukt fiskereiskap, og i alt er det registrert 68 fiskesløer. Sløefiske har vore brukt i mange hundre år¹⁴. Ifølgje Diplomatarium Norvegicum¹⁵ frå 1419 var det sløe ved utløpet av Rabalsvatnet på den tida. Dette er eldste kjende sløestøet i Valdres.

6. Turisme - transport inn til støler og hytter

Ein del stølshus (sæl) vart leigt burt til turistar i feriane. Særleg ved påsketider var det mange turistar på stølane. Dei fleste turistane kom med tog til Fagernes og buss opp til bygda. Der bussen stoppa, møtte gardbrukarane opp med hest og kjerre eller slede.



Om vinteren kørde dei provianten opp brattbakkane med hest og slede. Vidare innover var ikkje vegen brøytta, så då møtte andre opp med skikjelke og drog provianten vidare inn på stølen. Det kunne vera tungt arbeid om det var dårleg skiføre.

Her er det Gunder Skiaker som var heldig og fekk snørekøyre med bestefar.

"Pensjonatet" = Vangsjøen Fjellstue

Starten til Vangsjøen Fjellstue var også støl. Ingebjørg og Olav Haugen bygde eit hus på 1,5 etasje i staden for eit vanleg sæl. Der tok dei mot gjester. Dei bygde også fjøs, der dei hadde nokre kyr. Dette huset – pensjonatet som vi kalla det – vart også brent av tyskerane i 1944.

Ikkje nok med at dei brende pensjonatet, Olav Haugen vart arrestert, mishandla og sendt til Grini. Han hadde ei hard tid på Grini. Dette ville han ikkje fortelja så mykje om. Men han fekk m.a. vitamin-mangelsjukdommen beriberi og han hadde mykje vondt. Men han let seg ikkje knekke. Han ville bygge oppatt, og nybygget vart mykje større enn det som brann. Ingebjørg og Olav dreiv så Vangsjøen Fjellstue i nokre år, men så overtok sonen Torleiv og hans familie drifta. Medan Torleiv var sjef, leigde han bort Vangsjøen Fjellstue til Torstein Li frå Skammestein ei kort tid.

¹⁴ Trygve Hesthagen 2011: Sløefiske i Oppland – Norsk institutt for naturforskning NINA

¹⁵ Diplomatarium Norvegicum er ein kildeserie som ordrett og på originalspråket gjer att innhaldet i dokumenter som er eldre enn 1570.

Kari og Sverre Hagaseth kjøpte Vangsjøen Fjellstue av Torleiv Listrud i 1977. Hagaseth hadde i den tid butikk på Beitostølen og dreiv noko på fjellstua mens det vart utført ein del oppussing med Trygve Melby som byggmeister.



Fjellstua vart så opna til påske i 1980, men då var drifta leigd ut til familien Andvord som dreiv Vangsjøen Fjellstue fram til 1983, då Hagaseth tok over drifta sjøl.

Etter OL på Lillehammer i 1994, vart det ein del ledige brakker. Hagaseth kjøpte nokre av dei og sette dei opp som tilbygg på Fjellstua. Dette sto ferdig i 1995. Det var ikkje straum på Rabalen men Kari og Sverre Hagaseth jobba iherdig for å få straum til Rabalen, og i 1989-90 lykkast det.

På bildet ser ein Kari og Sverre Hagaseth ved resepsjonsdisken. Og i sirkelen i midten sjølv fjellstua med det gamle fjøset bak til venstre.

Frå 1998 til 2001 var det Ann Kristin Hagaseth som dreiv Vangsjøen Fjellstue.

Så, etter over 20 år med familien Hagaseth overtok og dreiv Tove og Bård Bergsjø fjellstua i omkring to år til Wenche og Otto Kåre Skogen tok over i 2004 og dreiv den til og med 2007. Gro Malmer og Petter Kolve kjøpte så Fjellstua i januar 2008 og dei driv den fortsatt (i 2016).

Veger

Bilvegen kom i 1932. I mange år hadde det vore kjerreveg til stølane og transporten gjekk med hest og kjerre.



*Buahaugen sommaren 1939.
Folk kjem til "Buggehytta" med bil.*



"Buggehytta" ved Røyri

Kløvjevegen

I gamal tid var det kløvjevegen som vart brukt som transportveg til stølane. Vi trur at den gjekk opp frå stølsvegen sør for Fossli, og opp til ei slette med navnet Valstadsletta. Vegen gikk opp sør for Engli, nørre bakkane, nord for Ringli. Kløvjevegen kryssa Rabalsvegen ved Heimstølsbakken (skilt), vidare opp bakken, mellom heimstølane til Tunheim og Rognli. Den gjekk så oppover til Nystøssletta.

Frå Fiskeløystjernet gjekk den ved sida av Rabalsvegen, på høgre sida av Rognslimyra, til sletta før Øyangstølen. Opp mot Øyangslia gjekk den vel eit godt stykke til høgre for vegen i dag og ved Stabburet kryssa den vegen. Her i frå vart den merka fram til Djupedalen i ca. 1990.

Kløyjevegen går vidare i høgdedraget sør for Bergamyre, og kryssar så Svartedysbekken ca. 150 meter sør for Rabalsvegen. Så fylgjer den høgdedraget og kjem ut på Rabalsvegen like ved Vinkjeldarhøgde (skilt Kløyjeveg).

Bruk av Kløyjeveg

Mat og klær vart lagt i kløyjeteinene og hengt på hesteryggen når dei skulle flytte på stølen. Om sumaren vart ”drotten” (smør og ost) kløyja heim i bygda. Denne maten reknar vi med vart selt til butikken i bygda.

Far min¹⁶, Knut Bjelbøle, fortalde at då han var to år (i 1897), døydde bestefar hans på Rabalen. Då vart det laga ei kiste som han vart lagt i. 4 spreke karar bar kista Kløyjevegen heim til bygda. Det vart vanskeleg å plassere kista på hesteryggen.

Heimreise fraa sæteren

*Oss ha gjort kaa gjærast skulle,
Ysta Ost aa kinna Smør,
Naa staar att aa kløyja Øykjin,
Sætja Laas for Sæter-Dør,
Korkje finst dæ meire føe
Hær for Heie heill for Krist`,
Gla`æ oss, oss slæpp aat Bygden,
Meire gla æ Kue vist.*

Edvard Storm

Brimvegen vart óg brukt som stølsveg. For dei som hadde heimstøl på Strypen eller Nystølen var det greitt å kjøre bufarlasset over Rabalen. Vidare over Lauvhøvd, ned til Sinderhaugen og så austover til Trollåsen eller Fullsenn. Frå Lauvhøvd går det også ein turstig på austsida av Lauvhøvd tjernet til Heggedalsbrenna. (Namnet kjem truleg av at det veks hegg der.)

Denne stigen går så over Dugurshaugen til Rabalen. Frå Heggedalsbrenna går det stig gjennom Trollåslia til Trollåsen. Mange som hadde støl på Trollåsen gikk her med kyr og geit når dei skulle flytte på stølen.

Vintertransport og nye vegar

Brødrene Oddvar og Gudbrand Sebu starta i 1954 verkstad i kjellaren på huset dei hadde bygd i nørre Rogne. Her tok de på seg jobbar av alle typar. Det kunne være alt frå sveising av slåmaskin til reparasjon av moped eller bil. Her budde brødrane med koner og barn til i 1962, da Gudbrand trakk seg ut, for å overta farsgarden. Oddvar dreiv verkstaden vidare her til i 1977 då han starta bygging av ein ny på Storefoss.

Først på 1950 talet ble det bygd fleire Snowmobilar på verkstaden i nørre Rogne. Det var Gudbrand og Oddvar, saman med Georg Lund, Torstein Viken og Johan Olberg som var pionerane her. Snowmobilane ble brukt frem til ca 1965 for å transportere både folk og varer innover fjellet mot Rabalen, Fullsend og Ranheimsstølen.¹⁷



¹⁶ Far til Ragnhild Skiaker

¹⁷ Informasjonen er henta frå http://www.sebubensin.no/?page_id=65

Det ble også kjørt skispor med disse farkostane. Utforming av sporlegger for ski, var ein spennande og ny utfordring i samarbeid med Erling Stordal og Ridderrennet.

Det kom bilveg på Rabalen på 1920-30 talet, Rennsennvegen kom på 1950 talet (sjå nedanfor) og over til Bukono kom det veg i 1962-63. Bergo-Rabalen vegen ble første gang brøytta i 1993!

Utdrag frå Vangsbuhistorien¹⁸

“Da Langehytta ”Vangsbu” ble bygd (1925) og i noen år framover fantes ikke vei, og atkomsten var over sjøen. Langes hadde en båt i et naust på Bukono.



Men brødrene Lange med venner gikk tidlig i gang med å anlegge vei mot Rennsenn (se bildet), og bøndene der bygde fra sin side ned til bekkene. Som kjerrevei ble den tatt i bruk i 1929, og etter hvert utbedret slik at den første bilen kunne ta seg fram i 1934.

Midt på 50-tallet så stølseierne muligheten til å knytte sammen veiene til Rennsenn og Buahaugen, det var bare veistykket mellom stopp 10 og Buahaugen som manglet. Dermed kunne melkebilen hente fra alle stølene rundt Vangsjøen og kjøre ned til ysteriet på Heggenes.

Vi tenker at det var vår vei som åpnet for den veiforbindelsen. Når det kommer vei, kommer også hyttene. Vår vei utløste i første omgang hyttebygging i Vangsjøberget og Midthøgde, mens den nevnte veistrekingen forsterket den på Midthøgde og ned mot myra.”

7. Stølane på Buahaugen, Rabalen og Bukono

Buahaugen

På Buahaugen er det to stølar:

Haugenstølen

Det har vore støl på Buahaugen så lenge ein kan huske. Heidersprisen i Vangsjøen Vel for 2003 ble tildelt Ingebjørg og Gunnar G. Haugen som eiger og driv Haugenstølen.¹⁹ Det har alltid vore kyr på Haugenstølen, og då dei tok over i 1972 fortsette dei med kyr. Beiteområdet har vore nord for Røyri og Røyrsåne.

Selet vart brent ned av tyskerane i 1944, men ble bygd opp igjen. Dei andre husa var fjøs, kokehus, skåle med stall og ei løe. Selet sto der flaggstanga er, og ei hytte er bygd på stølstunet mot nordvest.

Lundstølen

Stølen høyrer til garden Lund som i bygdeboka også blir kalla Torsteinbrøtin. Stølen blei bygd av Gullik Lund i 1938. Han hadde tidlegare støl på Etneli. Sonen Georg Lund tok over garden med stølen og dreiv saman med kona Kjellaug. Det var mange som i dei tider kjøpte mjølk på stølen. Svein Erik Rogne kjøpte garden i 1992. Likesom på Haugenstølen ble selet brent av tyskerane i 1944.

¹⁸ Vangsbuhistorien er skriven av August Lange og redigert av Tore og Ellen Lange.

¹⁹ Dei fekk prisen både av di stølsdrifta er ein viktig tradisjonsberar og miljøskapande verksemd, og for årelangt engasjement i arbeid med stølsvegen Bergo-Buahaugen. Ingebjørg fikk særleg heider for sin vennlege og imøtekommande holdning til barn som alltid har fått lov å ta del i fjøsstellet og lære om stølsdrifta. Det var også mange som sette stor pris på å kjøpa både mjølk og heimelaga rjome hos henne om sumaren. Gunnar sin innsats som mangeårig formann i vegstyret for Bergo-vegen i ein periode med store arbeider blei også framheva.

Buahaugen med utsyn mot Vangsjøen og Rabalen.



Buahaugen.

Bildet er tatt frå boka "Stølar og stølsliv i Øystre Slidre" av Borghild Dahle.

Namn:	Buahaugen nummer	Eigar:	Gard i bygda	Dyreslag
Haugen	Buahaugen 42	Gunnar Haugen	Haugen	Kyr
Lund	Buahaugen 44	Svein Erik Rogne	Lund, Øvrebygdevegen	Kyr

Rabalen

På nittenfemtitalet var det tretten stølar i drift på Rabalen. Ein del av stølane er også i drift i dag.

Utsyn over Vangsjøen.



Rabalen

Bildet er tatt frå boka "Stølar og stølsliv i Øystre Slidre" av Borghild Dahle.

Namn:	Rabalen nummer	Eigar:	Gard i bygda	Dyreslag
Bergo	Rabalen 89	Terje Goflebakke	Bergo	Sau
Ringstad	Rabalen 82	Wenke Ringstad	Ringstad	Kyr
Milo	Rabalen 80	Anne Karine Milo	Milo	Geiter (slutt 2013)
Steinsli	Rabalen 74	Grete Marie Rogne	Steinsli	
Skaare	Rabalen 77	Tordis Skaare Svenson	Skogheim	
Skogen (n)	Rabalen 72	Sølvi og Torgeir Bjelbøle	Bjelbøle Skogen, Bygdinvegen 1452	
Hovrud	Rabalen 96	Per Arne Nerstad	Hovrud	Kyr
Skogen (ø)	Rabalen 68	Wenke Melbybråten	Øvre Skogen	
Kleiven	Rabalen 65	Sverre Kleiven	Kleiven	
Ringli	Rabalen 62	Geir Ringli	Ringli	Kyr
Røe	Rabalen 76	Rolf Karlsen	Røe	
Småbrøto	Rabalen 59	Solveig og Oddleiv Hovi	Småbrøto	
Vangsjøen fjellstue	Rabalen 58	Gro Malmer og Jan Petter Kolve	Opprinneleg støl under Listerud	

Milostølen

Vi nemner denne særskilt, då Anne Karine og Oddgeir Milo som dreiv med geiter, alltid hadde "opent hus" i fjøset når geitene vart mjølka. Det var ofte mange ungar med og dei som hadde lyst fekk også delta i stellet, gjerne frå klokka sju om morgonen. Geitehaldet var dei tvungne til å slutte med i 2013 etter prosjekt "Friskere Geiter" som starta i 2001 og som kravde uhorveleg store investeringar i fjøs osv. både heime på garden og på stølen. Det er ikkje bare ungane som saknar geitene på Rabalen!

Bukono

Presentasjon av stølen Bukono

Den fyrste stølen du kjem til på Bukono, eller rettare sagt, nørst på støle, er Moastølen (i dag moderne tømmerhytte) som vi kallar den. Deretter kjem den gamle stølen til Skattebu Sør. Men i 1900-1911 vart den seld til Arnesen i to omgangar. I dag er det familiane Arnesen og Ruge som held til der. Eg trur denne stølen er den eldste på Bukono.

Flatt og fint ligg Bukono inntil Vangsjøen.



Bukono

*Bildet er tatt frå boka
"Stølar og stølsliv i Øystre
Slidre" av Borghild Dahle.*

Teksta er skriven av Arne Myrvang i 2008. Han gjekk bort i 2013.

Namn:	Bukono nummer	Eigar:
Moastølen (Moen)	Bukono 5	Svein Erik Skattebo
Skattebu Sør	Bukono 8	Arnesen / Ruge
Myrvangstølen (Sæljordet)	Bukono 9 - 12	Arve Myrvang
Windingstadstølen	Bukono 13	Stein Olav Windingstad
Midtre Skattebu (Vangsjøstølen)	Bukono 15	Per Koch
Skogen (gml.namn Gardsdeildet).	Bukono 16	Olav Martin Skogen
Lien (tidl. Åne)	Bukono 18	Anne Lien Melby
Fjellstad	Bukono 19	Olav Martin Skogen
Sloreby	Bukono 21	Ingrid K. Sloreby Meyrick

Det er ei lita goto ned til Vangsjøen. På sørsida av gotoa, på nedre jordet, låg Myrvangstølen, som også er ein svært gamal støl. Det eigentlege namnet var Sæljordet. Frå 1820 var det slik at dei underjordiske ville ha stølen for seg sjølv. Han ble fråflytta, og flyttinga tok berre ei natt. I 1854 fekk stølen ny plass, der han står i dag, og nedre jordet er beite.

Går ein langs etter vegen eit lite stykke til, dukkar Windingstadstølen opp. Han er bygd ca. 1930. Den neste stølen er Midtre Skattebu som familien Koch kjøpte i 1918. Vidare mot sør er Skogen som frå gammalt heitte Gardsdelli (offisielt namn Gardsdeildet). Den er nok av eldre herkomst. Synst på stølen ligg Åne eller Lien som det heiter i dag. Både Søre Skattebu (Arnesen), Sæljordet (Myrvang), Gardsdelli (Skogen) og Åne (Lien) høyrde vel alle til Sør-Skattebu.

Går vi vidare, finn vi stølen til garden Fjellstad, og litt nærmare Vangsjøen mot sør, ligg Sloreby som eg meiner er eit bureisingsbruk, men fullverdige stølseigarar. Nokon hytter er det også vorte etter kvart, men dei er frå nyare tid.

Stølshistorie

Det var geita som stakk ut dei fyrste setervegane. Dei gjekk alltid motbakke og ned att på andre sida. Aldri rundt ein haug. Dette vil eg hevde ikkje er rett for Bukono sin del. Men så var heller ikkje Bukono den fyrste stølen gardane hadde. Dei hadde det vi kallar heimstølar, og dit var vegen mykje kortare. Det gjorde at gardsfolket kunne flytte tidlegare på våren og seinare heim til hovudbruket om

hausten. I og med at gardane var små, var det viktig å nytte dei beita som fans. Riktig nok var ikkje Bukono den beste beitestølen. Derfor gjekk beitedyra aust for Bukono, aller helst mot Lauhaug. Der hadde dyra store område. Dei mjølka bra, sauven vart feit og fin. Mjølka vart mykje brukt til å laga smør og ost, ikkje minst med tanke på ein lang vinter.

I utgangspunktet var støslaget Bukono for jakt og fiske og med dyra ei lita stund på sjølve sommaren. På 1750 – 1800 vart nok dei stølane tekne meir flittig i bruk, og no vart dei kalla ”langstølar” i motsetnad til ”heimstølar”. Langstølen var hovudstølen, og det var vegen som gjorde at stølane kom lengre inn i fjellet.

Beiting var sjølvsagt viktig og drog gardsfolket til Bukono. Men fisket drog like hardt. I gamal tid då det var matknappheit, var fisk ein ting som kunne redde gamle og unge gjennom lange vintrar. Hugs at isen gjekk ikkje før den 17. mai og kanskje aller helst sist i mai. Så matforrådet måtte vera stort.

Jakt var det nok ein del av, og det dreidde seg helst om hare og rupe. Elg var det ikkje mykje av. Den fyrste elgen i nyare tid vart sett symjande over Vangsjøen i 1954.

Korleis det var tidleg på 1700-talet, er eg ikkje sikker på. Vi skal hugse at på den tida var det ulveflokkar som streifa rundt.

Påstanden min om stølinga er dette: På stølen kunne beitinga auke det biologiske mangfaldet og med riktig beiting ville det bli meir urterikt og derav betre mjølk frå kyr og geiter.

Før i tida var det høge og sterke gjerde rundt fjøset på støle. Når rovdyra kom, vart krøttera samla der eller så var det gjeting. Akkurat det same har ein i Russland i dag. Også i Estland har dei kyra bundne i nærleiken av huset.

I tida 1850 – 1907-08 vart det i Gausdal vestfjell hatt i hjel 602 ulv, og det var sikkert like ille i Slidre austfjell. For å avlive ulv hjelpte militæret til.

Arbeid på stølen

Med ein gong snøen gjekk, var det å dra til støls og ha ut møkka som låg ved uthuset og få den utover det jordet som var tidlegast grønt om våren. Det kunne hende dyra måtte gå der ein del. Så var det litt fiksing og vøling på hus og gard, hugs vinteren var lang og snøen djup. Men det viktigaste var å finne ein stad isen hadde gått, meir enn mindre, og få tak på fyrste fisken. Ettersom eg har forstått var vintrane ein god del kaldare på 1800-talet. Også fram til 1942-43 var det òg dårlege somrar med turke eller kaldt vær, men i fjellet var det mykje fisk og fugl.

Lenger ut på sommaren var det viktig å få begynt med litt slått og også slå størr og plukke mose. Dette høyrer gamle tida til for med ei verning av fjellet, vil alt dette bli borte. Vi kan også risikere at skogen veks til, og med det er beitinga borte. Det vil seie at vi kanskje er siste generasjon som har eit hytte- og støsliv som no.

Eg kan ikkje gløyme at det i utgangspunktet var mykje gamal og stor skog på Bukono. Mange hadde difor jobb med tjærebrenning. Myrmalm vart også utvonne. Det var med på at vi fekk fleire store slettar som beitedyra kunne ta i bruk. Mange av dei gamle husa vart bygde på 1800-talet. Det kan ein sjå på dei store stokkane som er i gamle sel (hovudhuset på stølen).

Medan karane dreiv med slått, hadde budeiene ansvar for dyr og mjølking. Av mjølka skulle dei kinne smør og yste kvitost og brunost. I tillegg laga dei surprim som var prim laga ved at ein koka inn sur myse. Kvitkake er veldig lettvin, og var det ein omn på staden, var det berre å steikje dei.

I god tid før gardsfolket flytta på støle, ein til to månader før, vart mjølk tappa på 1 – 2 liters glas og lukka godt igjen. Deretter blei glasa sette i kjellaren eller hatt i avkjølinga. Kjellarmjølka eller tjukk mjølka inneheldt litt alkohol, men vart brukt til graut som var laga på bygg og vatn i tillegg til kjellarmjølka. Denne grauten, som også vart servert som kaldgraut på varme dagar, var betre enn vanleg vassgraut som ein fekk til frukost. Vassgrauten hadde mindre bygg i seg og var koka på berre vatn, ikkje mjølk.

Når budeia hadde mjølka, var ho sjølvsagt interessert i å få opp fløyta. Til det brukte ho ein separator. Det er ein slags sentrifuge som skil fløyte frå mjølka.

På hausten måtte ofte budeia leite etter kyra. Då hadde både kyr og sau forsvunne langt av garde på leiting etter sopp. Eg veit ikkje kvifor dei er heilt ville etter sopp, men tid kunne det ta før budeia fann att dyra sine.

Transport

Det var hesten som var fyrste ”kjøretøyet” til hytter og stolar. Dei kløvja til å begynne med, og da vegen kom, kom også hjulsledar på sommaren. På vinteren kjørte dei fram turt høy, ved, størr og mose med slede.

Veg

Den gamle stølsvegen gjekk Vindebrue – Spisseberg – Sterten og hesteveg til Sinderhaugene²⁰. Før denne vegen gjekk det kløvveg eller sti over Jødmannstølen²¹, sørenden av Rennsennfjord, i nordenden av Vangsjøen (Råka, vadested) og vidare mot Etnestøl (gamal bru), Kvitfeten, Haldorbu og til Fatkvelven.

Ny veg kom på 60-talet, og med denne kom mjølkebilan som også turistane nytta.

Stiger – reksler

Dei stigane som vart etter dyra, vart kalla reksler, store stiger som gjekk mot frodige beitemarker og mot elver og tjern. Dyra måtte ha vatn. Du kan også finne reksler som går mot myrer som var ekstra jernholdige. Dyra trong mineral.

Namnet ”Bukono”

Bukononamnet kjem frå ein støl som låg på høgda mot Skatrudstølen. Der heldt det til to kvinnfolk allereie under jernutvinninga. Ein dag dei var ute og bada, drukna dei rett ned for stølen min. Denne historia høyrde eg frå far min og Torgeir Fossen, som hadde slåttan hos Arnesen, då eg var liten.

Etterord

Det eg her har skriva er ting eg har lese, har opplevd sjøl da eg var gut eller har høyr av gamle folk på støle seine sommarkveldar. Eg ber om unnskyldning for alt eg har gløymt og for eventuelle feil.

Arne Myrvang. Juli 2008

²⁰ Sinderhaugen (merket som grustak): <http://www.norgeskart.no/3/?sok=Sinderhaugen#12/190453/6795161/+land>
Latitude: N 61° 10' 3" Longitude: E 9° 14' 15"

²¹ Jødmannstølen: mellom Luskeråsen og Rennsennstølen

8. Vangsbu - Langehytta på Vangsjøneset



I 1924 fikk familien Lange kjøpt en tomt av Ivar Melby på 7 da på Vangsjøneset, midt på vestsiden av sjøen. Et våningshus i bygda, den gang 150 år gammelt, ble kjøpt og tømmermann Lars Skattebu påtok seg å sette det opp ved Vangsjøen for kr. 4.600,-.

Til å gjøre noen endringer på huset engasjerte Lange Odd Nansen (sønn av Fridtjof N. og tidvis pleiesønn hos familien Lange). Odd Nansen var på den tiden arkitektstudent ved NTH. Nansen tegnet også en del av interiøret.

Det gamle huset på Rognsmarken ble tatt fra hverandre og fraktet opp på slede den vinteren. Huset ble satt opp våren og sommeren 1925.

Vangsbu i Christian Lous Lange og Bertha Manthey Langes tid (1925-38)

4. juli 1925 holdt hele familien sitt inntog i det nye huset. Bortsett fra i peisestua ble det nokså trangt de første årene, med ni voksne mennesker. Mye av innredningsarbeidet gjorde Lars Skattebu etter at vi var flyttet inn. Han satte også opp uthuset i bindingsverk av nye materialer. Lars var vår faste snekker til ut på 60-tallet. Han var en fremragende tømmermann. Det var en fryd å se ham i arbeid.

Ellers kom innboet mangesteds fra. Et par av møblene har en merkelig historie: det bordet som står på trammen og kubbestolen i peisestua. De var i sin tid kjøpt av den russiske minister i Christiania før 1917, Konstantin Gulkévitsj. Da han reiste fra Norge, lot han disse møblene bli igjen. Han slo seg ned som emigrant i Genève, og ble mine foreldres gode venn. Da de fortalte ham om den hytta de skulle bygge på fjellet i Norge, forærte han dem bordet og kubbestolen.

Vangsbu lå atskillig mer isolert den gangen enn nå. Det fantes ikke andre hus mellom Buahaugen og Rennsenn, og all forbindelse med bygda gikk over Bukono. Det var ikke noe ysteri i bygda, melkebilruta var ikke kommet i gang, og det var i det hele ytterst sjelden noen kjørte med bil til fjells. Avgiften var kr. 50,- pr. tur, og stølsveien var mye brattere og smalere enn den er nå.

Vi ble også kjent med Anders Myrvang. Folk i bygda flirte gjerne når de nevnte "gullklumpadn hass Anders", – han hadde fortalt litt for fantasifulle historier da han kom hjem etter noen år i USA og Alaska. Men han var en drivende kar, som fikk nydyrkingsbidrag for å lage eng i myra ned mot Vangsjøen. Han var ofte å se i båt på fjorden med den gamle moren sin i bakskotten. De otret, men

grunnen til at de gjorde så mye av det, var at hun led av klaustrofobi. Hun greide ikke være innendørs. Anders hadde satt opp et skur til henne like bortenfor seterbuia si.

Byfolk var det ikke mange av. De som var, ble vi kjent med bl.a. fordi vi tok med post til hverandre når noen hadde vært en tur i bygda. På Bukono var det pastor (lektor) Arnesen og direktør Koch. I rabbene sør for Bukono hadde presten i bygda, Kvarving, en hytte. Ved Buahaugen holdt advokat Bugge til, og på Rennsenn bodde Terjesen og Eitrem.

Det var ikke så folksomt i fjellet den gangen som det er nå, men det var mer dyreliv. Vi så ofte storfugl og hare. Det hendte en av de første somrene at et rypepar med 10 unger på rad etter seg kom spaserende inn på tunet. – Det var ingen motordur, verken på jorda eller i luften. Vi hørte bare fjellets egne låter: kuraut og bjeller, mekring fra geit og breking fra sau, bekkesus og fuglelåt. Og så vindsusen, – svak og godlynt på godværsdagene, men stor og stri når nordvesten eller sønnaværet satte inn for fullt.

Vi lærte å høre forskjell på susen fra sjøen i nord- og sønnavind. I Bamsesundet i Vangsjøen utenfor Vangsbu kunne bølgene gå store med skumskavler, og det hendte at båten var vekk når vi kom ned til båtstøen om morgenen. Vi fant den igjen i strandkanten lengst nord i sjøen. Så lærte vi oss til å fortøye skikkelig. Etter hvert kunne vi også tyde værutsiktene for neste dag, og vi fikk sanne det ordtaket de hadde i bygda: "Skagskåpe og Melle-hatt – mannen vart våt før han kom att."

Det tok 12 år før husene og tunet fikk det utseendet de har i dag, og det skjedde litt etter litt. Den første tilveksten av hus var naustet, som sto ferdig da vi kom opp i 1926. Da hadde vi også fått en båt til, av samme type som den første, men litt mindre og lettere. Lars hadde laget takrenner og vinduslemmer. Det var vel alt den andre sommeren vi tjæret husene for første gang. Vi brukte tyritjære, og derfor fikk veggene etter hvert den varme, brun-gylne fargen.

I 1929 ble annekset "Nystua" satt opp av nytt tømmer. Det fikk torvtak, som også gamlestua hadde fra først av, mens uthuset og naustet var tekt med skifer. Da nystua var reist, hadde tunet fått sin endelige form, og nå ble det også lagt steinheller fra nystua til kjøkkensvalen og til uthuset. I 1930 ble gjerdet satt opp. Grunnen til at mor og far ville ha gjerde, var at ku og geit gjorde mye ugagn rundt husene. Geitene var særlig foretaksomme. De romsterte ofte på kjøkkensvalen, og det hendte de kom spaserende helt inn i stua.

I 1931 ble Kårstua, det siste huset satt opp.

Da hytta ble bygd og i noen år framover fantes ikke vei, og atkomsten var over sjøen. Langes hadde en båt i et naust på Bukono. Men brødrene Lange med venner gikk tidlig i gang med å anlegge vei mot Rennsenn, og bøndene der bygde fra sin side ned til bekken. Som kjerrevei ble den tatt i bruk i 1929, og etter hvert utbedret slik at den første bilen kunne ta seg fram i 1934.

Vangsbu i tiden etter 2. verdenskrig

Midt på 50-tallet så stølseierne muligheten til å knytte sammen veiene til Rennsenn og Buahaugen, det var bare veistykket mellom stopp 10 og Buahaugen som manglet. Dermed kunne melkebilene hente fra alle stølene rundt Vangsjøen og kjøre ned til ysteriet på Heggenes. Vi tenker at det var vår vei som åpnet for den veiforbindelsen. Når det kommer vei, kommer også hyttene. Vår vei utløste i første omgang hyttebygging i Vangsjøberget og Midthøgde, mens den nevnte veistrekningen forsterket den på Midthøgde og ned mot myra.

Etter de opprinnelige eierne arvet deres barn stedet. Flere av dem trakk seg ut etter hvert, og etter at den generasjonen er falt fra, eies det i dag av Jon Lange, hans fetter Tore og kusinene Mona og Ellen i 3. generasjon. Men brukerne er langt flere, i 4. og etter hvert også i 5. generasjon. Og så langt har det

gått greit å dele på bruken. Men vi er blitt enige om en regel for eierskapet: Det skal aldri bli mer enn 6 eiere, og om noen trekker seg ut skal etterkommerne etter de nåværende eierne ha fortrinnsrett til å overta den andelen.

En gang i året samles så mange som mulig til dugnad – ikke minst vedsjau (vi har 7 mål tomt og mye ved.)

Tunet er så å si uendret siden før krigen. Noen forsiktige tekniske forbedringer er gjort i løpet av de siste ca. 20 årene – ikke strøm, men solstrøm, og et borehull etter vann på tunet, med håndpumpe. En velsignelse å slippe å hogge seg gjennom isen om vinteren! Pluss at vannet i borehullet antakelig er det reneste vi kan få.

(Denne teksten er i hovedsak skrevet av August Lange, yngste sønn av Christian og Bertha.)

Oslo, august 2015 Tore og Ellen Lange

9. Hermanbu Skrevet av Elin Kvarving Hamnes

Informasjon om hytta vår som vi kaller Hermanbu, og som har adresse Rabalen 93.²²

I tida rett etter krigen var det viktig å prioritere hvilke nybygg som skulle få byggetillatelse. Med mangel på byggematerialer var hytter av naturlige grunner ikke prioritert. Imidlertid hadde vår familie siden 1917 hatt del i familiehytta "Vangsjøheimen"²³ mellom Bukono og Rabalen, men familien vokste seg ut av hytta.

Min far Herman Kvarving var sokneprest i Øystre Slidre 1944-1959. Han fikk tillatelse av fjellstyret til å velge seg ut en hyttetomt i kommunen. Tomta som ble valgt ligger på haugen ved siden av det vår familie kaller "Gamlehytta".²⁴

Halldor og Ingebjørg Windingstad, på øvre Windingstad gard i Volbu, skulle rive sitt gamle eldhus som sto på garden. Mine foreldre fikk kjøpe eldhuset, og det blei revet og satt opp på eksisterende tomt av byggmester Lars Skattebu. Hver tømmerstokk blei høvlet lyst, og blei solid satt opp. Lars Skattebu var en byggeteknisk dyktig mester med sans og dyktighet også for finsnekring. Han laget møblene til stua – langbord, stoler som holder like godt i dag, og han sørget også for at peisen ble laget av naturstein. Skattebu tok seg god tid på leiting etter den rette steinen som ligger som grunnstein for peisen – han la sjel i sitt arbeid.

På denne tida ble det første skolehuset i Volbu revet. Den gamle døra fikk min far kjøpe og den er et klenodium i vår hytte. Inni døra fantes byggmester Jørstads nedtegnelse om sin visjon om innhold i undervisning av bygdas barn – i "humanismens aand"

I 1947 var området rundt hyttene rene snaufjellet med enkelte grantrær hist og her. Vi hadde utsyn over den gamle stien som gikk langs Vangsjøen mellom hyttene og Rabalen. Nå er hele området dekket av tett bjørkeskog. Stien til Rabalen og til Bukono var melke- og postveien. Veien mellom setrene kom først i 1959 (?). Alt som skulle til gards måtte bæres. Vi hentet melk på Bukono, i Fjellstad de første årene. Etter at veien kom ble melken henta på Rabalen, i Bergo.

²² Dokumentene viser navnet Lauhovd.

²³ Rabalen 92; Prestehytta

²⁴ Herman Kvarving d.e. lot oppføre Vangsjøheimen.

Det var mye liv på denne siden av Vangsjøen. På Gamlehytta var det familier med barn hele sommeren, i tillegg bodde vi om sommeren på vår hytte. Daglig kom geitene på besøk. De holdt bjørkespirene nede – i tillegg til at de var gode kamerater. Spesielt kan jeg huske enkelte besøk av geitebukker, de var gjerne av den hissige typen. Det var fristende og erte bukken, det har i ettertid gitt en del ”komiske klipp”-minner. Jeg tror en av tantene en gang havnet i myra etter en dult.

Det var i min barndom mye kontakt mellom familiene både på vår hytte og på Gamlehytta og stølsfolket på Rabalen. Min far likte å delta i lokking – og var mer enn en gang på lokkarkaffe på Rabalen. Jeg husker med varme alle kaffebesøkene – melk til oss barn, og kvikaker med rømme! I senere tid har våre barn fått gode minner spesielt fra besøkene hos Emma og Ivar i Bergo – trofaste venner i vår familie. Vi har også gode minner fra besøk til Yddestølen hos Olaug Martinsen. Det var før veien kom – hun hadde god rømme – og en helt spesiell rømmegrøt.

Årene har endret både utseende og bruk av hytta på fjellet. Vi har fulgt utviklingen – og fått mer krav til plass. Mine foreldre fikk bygget til et ekstra soverom. Dermed var det to soverom, kjøkken og stue. I dag er hytta overtatt av undertegnede. Det er gjort nye endringer. Terrasse utenfor kjøkkenet er kommet på plass. Ei ekstra bu ble i 1991 satt opp som egen ”hytte” for min mor som gjerne var på fjellet om sommeren. Det blei fullt i hovedhuset. Den siste forandringen er nytt uthus som inneholder bad og badstue.

Vi har holdt fast på solcellekraft og vedfyring. Det fungerer godt. WC er fremdeles en god, gammeldags utedo. Planen nå er boring av vann på tunet. Det gjør livet enklere. Vi har hentet vann nede ved myra. Det er tungt – og vannet har vært mistenkelig grumsete i blant.

10. Kvarvinghytta (”Prestehytta”)

Skrevet av Gudrun Kvarving Vik (Rabalen nr 92)

Det heile starta i 1914. Bestefaren min, Hermann Kvarving d.y., var på den tida prest i Øystre Slidre. Han og familien budde i prestegarden i Volbu. Om somrane var familien på Bergset²⁵ der prestegarden hadde støl. Det vart etter kvart seks ungar, og kanskje litt trongt. I alle fall vart det aktuelt med hyttebygging. På den tida var det ikkje så vanleg med hytter.

Dei tre eldste hyttene i området, har eg høyrte, er Lange-hytta, Koch-hytta og Kvarving-hytta, alle om lag frå same tid. Bestefaren min saumfarte heile området for å finne den finaste plassen – ingen restriksjonar på den tida. Tømmeret vart køyrt opp på vinterføre til det første høgdedraget etter Bukono når ein køyrer vegen mot Rabalen. Sommaren kom, og hytta skulle setjast opp. Då hadde han funne ein enno ”finare” plass, og tømmeret vart køyrt vidare til det neste høgdedraget, der hytta står i dag. *”Der var nogen av nævnte bygdens flinkeste tømmermænd som udførte tømmerarbeidet, nemlig Engebret Tvenge, Ole Hjellemarken tilligemed et par andre mænd. Murerarbeidet udførtes av Erik Heggeli,”* står det å lese i papira.

I tillegg til sjølve hytta vart det sett opp eit uthus med tre relativt store rom. Det husa både hestar og griser i tillegg til køyredonar og anna. Sjølve hytta var etter forholda romsleg. Ei open stove, to soverom, ein ”glasveranda” og kjøkken i tillegg til to romslege hemsar. Her har fem generasjonar tilbrakt somrane. Historia er snart 100 år gamal, men framleis i manns minne.

²⁵ Beliggenhet: nord for Yddin og vest for Robølstølen (Vesleåni (bekk, 528 m unna), Gamlestølberget (høyde, 703 m unna), Bergabekken (bekk, 749 m unna), Synhaugen (haug, 1400 m unna), Bergsetvatnet (tjern, 1869 m unna), Bergastølen (seter (sel, støl), 1926 m unna), Bjørnhaugmyrane (myr, 2324 m unna), Framstadstølen (seter (sel, støl), 2365 m unna), Bjørnhaug (hytte, 2387 m unna)

Mykje historie kunne forteljast om Vangsjøen, om gammalt stølsliv, gammalt vennskap og om einskildpersonar. Under krigen herja tyskarane i dette området. Rabalen vart brent. Hytta vår vart ståande, men frå 3. oktober 1944 finn eg følgjande brev frå lensmannen i Øystre Slidre: *"Det har vært innbrudd i Deres hytte, og det ville være meget bra om De kunne ha anledning til å kome op og undersøke hva som er borte. Det anbefales derfor at De får reisetillatelse tur-retur Oslo Heggenes"*. Historia fortel at tyskarane hadde vore i hytta, for å sjå om det var noko mistenkeleg der. Mesteparten av innbuet var rasert, til og med dundynene hadde dei klipt hol i og dryssa utover. Men heldigvis for ettertida slapp vi å oppleve det som dei opplevde på Rabalen.

Sjølv opplevde eg turen til Valdres som ei Amerika-reise. Vi budde på Steinkjer. Ingen bil og ingen veg over Valdresflya. Turen gjekk først til Oslo med toget, vidare med tog til Fagernes. Så var det bil og til slutt mjølkebilen opp på fjellet. Vi humpa oss oppover bakkane og stoppa framfor kvart sel, lempa av mjølkespann og pappesker med varer frå Eyvind Rogne, Knut Moen eller Lage Garthus. Siste stopp var Bukono. Vegen gjekk ikkje lenger, så det vart mange og ofte tunge turar før alt var på plass.

Hytta heitte på folkemunne "prestehytta" - og gjer det vel enno – og det var ikkje utan grunn. Alle born og svigerborn i neste generasjon var prestar, med unntak av far min som var rektor på Steinkjer off. Landsgymnas²⁶. Under krigen vart onkelen min, Hermann Kvarving d.y. prest i Volbu.

Somrane møttest alle familieane på fjellet, eit eventyr for oss born, men kanskje av og til i meste laget for dei vaksne. Ungane låg på flatseng oppå loftet, tett i tett, mens dei vaksne hadde tilhaldsstad nede. Kreativiteten var stor. Ofte var det dei "store" mot dei små. Geitene var vår beste underhaldning. Elles var det "sisten", "boksen går" og andre leikar. I kveldinga var det mjølkehenting på Bukono, eit godt påskott til å få litt ro for dei vaksne. I all slags ver labba vi av garde, og praten gjekk. Kvar ein stein og kvar ei tue frå stien både til Bukono og Rabalen ser eg framleis for meg. Var det riktig varmt, bada vi i Vangsjøen. Då måtte vi alltid ha med oss såpe og vaske oss godt, for det kunne vere sånn så som så med reinsemda frå dag til dag.

Åra gjekk, og den nye tida melde seg med meir plass og meir komfort. Den første som såg at det ikkje gjekk med fem familiar i lengda, var Hermann. Det var i 1947. Han fekk bygd si eiga hytte på haugen like ved (sjå skildringa derifrå), som seinare har blitt til eit heilt tun. Vegen mellom Bukono og Rabalen kom i midten av 50-åra. Dermed var det slutt på alt slitet mellom hytta og Bukono. Etter kvart melde også spørsmålet om skifte seg, og det vart bestemt at Johan, altså far min, skulle få løyse ut dei andre søskena. Det må ha vore ein gong på 50-talet, etter at vegen var komen. Eit nytt liv tok til, der det berre var ein familie på "gammelhytta", som no vart brukt som namn i familien. Men dei andre søskena kjøpte seg hytter andre stader i fjellet, tante Liv på Sælstølen og tante Sigrid på Rabalen. Familiebanda vart dermed haldne ved like.

I gamle dagar var det ikkje vanleg å bruke hyttene om vinteren. Dei første som "overvintra" i hytta vår, var mannen min og eg. Det var omkring 1970, og det var ingen spøk: To grader ved golvet og 42 grader oppunder taket etter å ha stormfyr i fleire dagar. Dermed vart det tetting og isolering, og seinare også modernisering og opprusting til dagens standard.

I 1984 vart det nok eit generasjonsskifte, etter at far min gjekk bort. Neste generasjon var Inger, Gudrun og Knut. Så lenge mor mi levde, vart det ho og Inger som brukte hytta mest om sommaren, saman med Knut. Eg og min familie disponerte ho på vinters tid, ein periode som varte fram til 2007. Etter at både mor mi og Inger gjekk bort i 2007, har situasjonen heilt forandra seg. Knut og eg eig hytta per i dag. Knut er åleine, mens eg har stor familie, som igjen har store familiar. Dermed er ringen slutta. Løysinga så langt er at uthuset er rive til fordel for eit anneks eller ein "kårbustad" som vi liker å kalle det, og det fungerer per i dag veldig bra.

²⁶ Johan Kvarving (1932 til 1972)

11. Kart med dialektnavn

(Du finn kart på <http://www.valdreskart.no/Content/Main.asp?layout=valdres&time=1461856391&vwv=asv>)

Rabalen med nokon namn som nemnast i teksten



Nokre av stølsnamna på Rabalen



Del av Kløvjevegen går i dette området:



12. Vangsjøen Vel sin heiderspris

Statuttane for "Vangsjøen Vels Hederspris" sier bl.a.:

"Vangsjøen Vels Hederspris kan gis den person/de personer som har gjort en spesiell innsats for å fremme velforeningens formål ved å:

- verne om stedets lokale miljø og/eller
- ivareta medlemmenes felles interesser og / eller
- ydet verdifull innsats i velforeningens

Dei som har fått heidersprisen er:

1999 - Tove og Torleif Lindtveit , Familiene Guderud og Schartum	2004 - Tor Løken
2000 - Anne Karine og Oddgeir Milo	2006 - Rolf Bjerke Paulssen
2001 - Terje Stenseng	2008 - Jan Sagsveen
2002 - Kjell Maartmann-Moe	2013 - Åge Sandsengen
2003 - Ingebjørg og Gunnar Haugen	2014 - Wenche Skogen
	2015 - Sissel Brinchmann

13. Fugleliv

Rolf Jørn Karlsen har lage ei oversikten med bakgrunn i observasjonar han har gjort i perioden frå 1975 til slutten av 2015. Oversikta finner du her: www.vangsjoenvel.org/omradet/pdf/Fugleobs2015.pdf

14. Litteraturliste:

- Sigfred Hovda, *Historia om støslaga Rysndalen og Herredalen*
- Vikebydskrinsen, *Støls saga vår*
- Kolbein Skaare *Stadnamn i Øystre Slidre*, særlig frå Vangsjøområdet
- Borghild Dahle *Stølar og støsliv i Øystre Slidre*



Vangsjøen Høyfjellsstue i 1980-åra



Geitene til Anne Karine og Oddgeir Milo



Vangsjøen Vel sitt område. Frå venstre Røyri og Buahaugen, Rabalen, Vangsjøen og Bukono.

Foto: Ole Jørgen Liodden